

Arve Bakke, leiar i Fellesforbundet

Innleiing konferanse Fafo-Østforum 14. november 2007

## **Erfaringar med allmenngjering og om veien vidare.**

Eg skal på den korte tida eg har fått til disposisjon seie litt om erfaringane vi har i Fellesforbundet med allmenngjering, og seie litt om korleis vi ser veien vidare.

Det tok lang tid før allmenngjering blei tatt i bruk i Norge. Fellesforbundet og El & IT-forbundet var først ut da vi på sju petrokjemiske anlegg fekk allmenngjort deler av nokre av overenskomstane våre desember 2004. Det var jo litt rart at det var nettopp her at det starta. På desse anlegga er det jo stort sett dei mest seriøse byggherrane og hovedentreprenørane som opererer. Likevel dokumenterte vi sosial dumping i stort omfang.

Seinare starta vi med å dokumentere sosial dumping innanfor byggfaga. Først blei deler av Fellesoverenskomsten for byggfag allmenngjort innanfor to regionale område, for deretter å bli allmenngjort over heile landet gjort gjeldande frå 1. januar i år. Seinare har vi krevd deler av Verkstedsoverenskomsten allmenngjort innanfor skips- og offshoreverfta.

Det har vore ein lang prosess i Fellesforbundet. Det har vore stor grad av skepsis til å bruke instrumentet. Av innvendingar som kom tidleg kan nemnast:

- *Kva vil dette gjere med vår kultur og tradisjon for lønnsfastsetjing i det norske arbeidslivet?*
- *Kva det ville få av betydning for rekrutteringa? Ville vi få ei haldning der grunnleggjande rettar for arbeidstakarane ville kunne oppnåast utan å uten å organisere seg?*

Bakgrunnen for spørsmåla byggjer på ein lang tradisjon som går på at løns- og arbeidsvilkår blir fastsett gjennom at partane forhandlar seg fram til kva som skal vera vilkåra og at dette blir nedfelt i avtaleverket og gjennom dei spelereglane som gjeld i arbeidslivet. At ei offentlege nemnd skal fastsetje vilkåra har alltid vore ein framand tanke for oss.

Når Fellesforbundet valde å krevje allmenngjøring, var det fordi vi følte at vi ikkje klarte å stå opp mot useriøsitet og sosial dumping berre ved hjelp av tariff- og organisasjonsarbeid.

Har så allmenngjeringa gjort at vi har oppnådd det vi var ute etter? Og kva med skepsisen vi hadde i forkant?

Vår erfaring så langt er:

- allmenngjering har ikkje hindra organisering. Tvert om. Fleire er organisert. Vi har organisert 3 – 4 000 polske og baltiske arbeidstakarar. Etter allmenngjeringa er det blitt lettare å organisere ikkje berre utanlandske arbeidstakarar, men også norske.
- Grunnen til at det er blitt slik er at forbundet har klart å synleggjere at vi har vist vilje og evne til å gjere noe med problema. Det har gjort at folk blitt meir positivt innstilte til å organisere seg.
- Allmenngjering har ført til at oppdragsgjevarane som er opptatt av regelverket skal følgjast, også hos underleverandørane, har stilt krav. Og det å stille krav har verka. Det blir rapportert om færre innslag av useriøse aktørar ute på byggeplassane. Av den grunnen har også graden av sosial dumping minska.

Dette betyr ikkje at alt er vel. Vi har ein stor jobb å gjere for å få akseptable forhold i byggebransjen.

Kva så med veien vidare ?

På landsmøtet i forrige måned vedtok vi:

*” Det er ikke noe mål for Fellesforbundet å allmenngjøre mest mulig av tariffavtalenes bestemmelser på flest mulige områder. Det beste er at vi klarer å takle utfordringene gjennom avtaleverket alene. Allmenngjøring er et alternativ for en periode der en ikke makter å holde opppe nivået på lønns og arbeidsvilkår gjennom organisering.”*

Kvifor roper vi ikkje halleluja til allmenngjering når erfaringane viser at verktøyet verkar?

Jo, det er fordi vi har ein grunnleggjande skepsis mot ei utvikling der stadig større del av overenskomstane skal allmenngjerast. Det kan fort gå frå å vere eit ekstraordinært tiltak i ekstreme situasjonar, til å bli eit verktøy som ein tyr straks utfordringane er der.

Eg vil også leggje til at om vi har gode erfaringar for at allmenngjering har verka innanfor byggfaga, er vi slett ikkje sikre på at det vil verke innanfor andre område. Det er stor skepsis innanfor hotell, restaurant og reiselivsområdet til å ta allmenngjering i bruk. Det byggjer på at det vil vere så liten skilnad mellom det allmenngjorte lønsnivået og det faktiske lønsnivået for bransjen. Det gjer at arbeidstakarane då har mindre og hente av å organisere seg. Resultatet kan vi svekka avtaledækning og ei svekka fagrørsle.

Derfor sa vi også på landsmøtet:

*”Landsmøtet er samtidig enig i at Fellesforbundet i tillegg vurderer å få en lovfestet rett for partene å gjøre bransjevise minstebestemmelser gjeldende for hele bransjen”*

Det er to ting som taler for eit slikt alternativ. Det eine er av vi da ikkje er avhengig av ei offentleg nemnd. Går partane inn for å gjere minstebestemmingane gjeldande for heile bransjeområdet, ja da blir det slik. Det andre er at denne måten å gjere det på er langt raskare og mindre ressurskrevjande. Argumenta mot er at det krev støtte hos begge partar og at det berre vil kunne gjelde minstebestemmingar.

Når det gjeld støtte frå motparten er eg ikkje så redd for at vi ikkje skal få det. Dei må ete i seg at billeg utanlandsk arbeidskraft ikkje er den norske veien for å sikre konkurranseevne. Og også arbeidsgjevarane må ha interesse av at tariffavtalane er det som skal regulere løns- og arbeidsvilkår i Norge. Tenk berre på konkurransesituasjonen dersom det blir stor forskjell i lønnskostnadene mellom organiserte og uorganiserte bedrifter. For partane betyr det at vi beheld den posisjonen vi har for lønnsdanning, og på ein heilt annan måte er med og styrer utviklinga i arbeidsmarknaden. Derfor ønskjer vi å utrede dette.

Derimot er vi veldig skeptiske til ei lovfesta minsteløn. Ja, vi er grunnleggjande imot.

For det første så blir det ei politikarfastsett løn. For det andre, og det er kanskje det viktigaste. Det vil ta utgangspunkt i sosiale og andre samfunnsmessige formål. I fleire land ser vi at ein slik minstelønssats fungerer som ein fattigdomssats. Det kan bli ein sats som vil dekke alle bransjar. Det vil lausrive seg frå eit viktig prinsipp for lønsdanninga. Nemleg at forhandlingane om løna skal vere den måten arbeidstakarane får sin del av verdiskapinga.

Lovfesta minsteløn er blitt eit heitt tema i tysk politikk. SPD er for, mens dei konservative er imot. Dei konservative er imot fordi dei aksepterer enda dårlegare løner enn det den sosialdemokratiske minstelønssatsen vil gi. Eg forstår sosialdemokratane. Dei ser ingen annan utveg. Men dette illustrerer også kva uføre tysk arbeidsliv har hamna ut i. Det er heldigvis langt til vi er der.

Til slutt: Uansett modell vil den viktigaste måten å bekjempe sosial dumping vere organisering, avtaledekning og dyktige og skolerte

tillitsvalde. Hadde vi ikkje hatt det i byggebransjen, hadde vilkåra vore dramatisk dårlegare også med allmenngjering.